

• Internasjonal handel



Avtalar: Norge har avtalt kvoteimport på over 1200 tonn kjøtt frå sauer og lam. Her frå øya Ombo i Ryfylke i Rogaland.

– Norge er forplikta til kjøtt

Internasjonalt avtaleverk forpliktar Norge til å importere kjøtt sjølv om det er overskot av norsk kjøtt i dag, ifølgje analytikar, som seier ein risikerer sanksjonar ved brot på avtalane.

Trass i at kjøtt av svin, storfe og sauer hopar seg opp på lager, så blir det importert kjøtt av same dyreslag.

Til nå i år er det blant anna importert 390 tonn kjøtt av sau og lam trass i at det ligg over 1700

tonn på lager, noko Nationen omtalte nyleg.

Internasjonale avtalar

Grunnen er internasjonale avtalar som Norge har forplikta seg til gjennom WTO eller bilate-

rale avtalar med blant anna EU. Det fortel landbruksanalytikar Christian Anton Smedshaug, somer dagleg leiari i AgriAnalyse.

– Då ein gjekk over frå kvantumsbasert import til eit tollbasert importregime i 1995, så var det ei frykt for at tollen ville vere så høg at all import stoppa. Derfor blei kvart land pålagt å ha visse importkvotar som skulle bidra til ein viss handel mellom land. Desse blei sett på som mellom-belse og ein trudde ein skulle gå vidare med liberalisering og redusert toll, men seinare forhandlingsrundar i WTO har stranda.

Dermed har det som skulle vere ein mellombels ventil for å sikre ein viss import blitt ståande som ei varig ordning, seier Smedshaug til Nationen.


Den såkalla WTO-kvoten på import av kjøtt til redusert toll, som Norge har vore forplikta til sidan år 2000, er på 1084 tonn storfe, 1581 tonn svin, 206 tonn småfe og 663 tonn fjørfe.

I tillegg har Norge inngått fleire bilaterale avtalar med blant anna EU, EFTA, Island og Namibia, Botswana og Swaziland som omfattar ei viss kvoteimport til liten eller ingen toll.

Etter den siste utvidinga av avtalen med EU, som gjeld frå 1. oktober, utgjer den samla kvoteimporten nå nær 7800 tonn storfe, nær 2900 tonn svin, over 1200 tonn småfe og litt over 1500 tonn fjørfe per år ifølgje AgriAnalyse. I tillegg kjem blant anna store kvotar på ost, meierivarer og ei rekke andre landbruksvarer.

– Risikerer straffetiltak

Smedshaug seier kvoteimporten fører til både tapt verdiskaping, tapte arbeidsplassar, utfordringar i marknaden og redusert sjølvforsyning, men at det er no-



Begge foto: Bjarne Bekkeheien Aase



Nationen 11. september.



Nationen 1. oktober.

Fakta

Importkvotar

- Norge har inngått internasjonale handelsavtaler som i fleire tilfelle opnar for import av kjøtt og andre landbruksvarer gjennom kvotar til liten eller ingen toll.
- Etter den siste utvidinga av avtalen med EU, som gjeld frå 1. oktober, utgjer den samla kvoteimporten på kjøtt nå nær 7800 tonn storfe, nær 2900

tonn svin, over 1200 tonn småfe og litt over 1500 tonn fjørfe per år ifølgje AgriAnalyse.

- Ein del av kvoteimporten er avtalt gjennom WTO via GATT-forhandlingane tidleg på 90-talet. I tillegg har Norge bilaterale avtalar om kvoteimport med blant anna EU, nokre EFTA-land og enkelte land i Afrika.



Ubalanse: Det er stort overskot av norsk svinekjøtt for tida, men over tid kan ikkje importkvotane på svin stå ubrukt ifølgje landbruksanalytikar.

Import trass overskot

ko Norge har forplikta seg til.
– Det blir forventa at desse kvotane blir brukte. WTO har gjennomgangar av korleis kvotane blir nytta. Viss det over tid blir oppfatta av ein prøver å boikotte

eller motarbeide kvoteimporten, så kan Norge bli klagar inn for WTO, seier Smedshaug.
Han seier Norge i så tilfelle ville kunne risikere sanksjonar mot seg frå andre land.

– Norge vil truleg risikere å få straffetiltak mot seg om ein over tid bryt avtalar eller det blir oppfatta at kvoteimporten blir boikotta, seier Smedshaug.
– Så det er ikkje mogleg å stoppe importen av varer det er overskot av?

– Eg vil tru at det er avgrensa sjanse til å gjere noko med etablerte kvotar gjennom WTO eller andre handelsavtalar. Ved særskilde marknadssituasjonar så kan nok kvoteoppfyllinga bli lågare i kortare periodar, men ein kan ikkje over tid bli oppfatta å boikotte inngåtte avtalar. Då må

ein i tilfelle rekne med at det blir reaksjonar, seier Smedshaug.

Han seier det av den grunn er svært viktig for landbruket at norske styresmakter er tilbakehaldne med å utvide kvoteimporten eller inngå nye avtalar som kan ramme marknaden for norsk mat og norske landbruksvarer.

Smedshaug viser til dei pågåande forhandlingane med Mercosur-landa i Sør-Amerika.

– Der er det bekymring for nye faste kvotar som kan presse ned det norske produksjonsvolumet, seier Smedshaug.

Smedshaug seier det også er

viktig at Norge ikkje gir ein-sidede innrømmingar.

– Det er ekstremt viktig å passe på, for elles får ein varig tapte marknadssjansar. Ein må ha ein brei handelspolitikk og ikkje drive med nedsetjing av toll på generelt grunnlag slik at ein ikkje har noko å forhandle om og berre må gi konsesjonar på landbruk. Auka import av mat gir tapt verdiskaping, mindre sysselsetjing og redusert sjølvforsyning, seier Smedshaug.



Straff

«Norge vil truleg risikere å få straffetiltak mot seg om ein over tid bryt avtalar.»

Christian Anton Smedshaug, landbruksanalytikar i Agri Analyse

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.aase@nationen.no